



Kommunal Landspensjonskasse

Dronning Eufemias gate 10

0191 OSLO

Vår ref.

14/481-2/K1-019//ABJ

Dykkar ref.

Dato:

04.03.2014

## UTGREIING AV Å TREKKE UT KLP SINE INVESTERINGAR I OLJE-, GASS- OG KOLSELSKAP

### **A. Klimaendringane: Dramatiske og menneskeskapte**

FNs klimapanel sin nyaste hovudrapport slår fast at ein er sikrare enn nokonsinne på at menneskeskapte utslepp av klimagassar påverkar klimaet på jorda, og at drastiske tiltak må setjast inn i løpet av kort tid dersom ein skal ha håp om å avgrense temperaturstigninga til to grade (togradersmålet). Stig temperaturane ut over dette, vil konsekvensane for både natur og menneskapt infrastruktur kunne bli svært omfattande

Det er brei politisk semje i Noreg om at kampen mot klimaendringane må prioriterast i norsk og internasjonal politikk i åra framover, og at ein overgang frå forureinande fossil til rein fornybar energi her må stå sentralt. Ein stor del av dei fossile ressursane under bakken og havbotnen kan rett og slett ikkje utvinnast dersom togradersmålet skal kunne nåast.

### **B. Statens Pensjonsfond: På veg bort frå fossilinvesteringar**

I februar 2014 vart det klart at eit samla Storting no går inn for å byrje arbeidet med å trekke Statens Pensjonsfond Utland (SPU) bort frå fossilsektoren, jmf Representantforslag 16S (2013-14) og Finanskomiteen si innstilling til dette framlegget. Finanskomiteen deler seg i eit mindretal som vil utgreie uttrekk av SPU frå investeringar i kolselskap, og eit fleirtal som vil setje ned ei uavhengig ekspertgruppe for å utgreie avvikling av investeringar i både olje-, gass- og kolselskap.

Partia på Stortinget står samla om at eit fond eigd av det norske folket med eit generasjonsperspektiv ikkje kan vere likegyldig til kvar og korleis fondet investerer, og om å peike ut ei retning bort frå investeringar i fossilindustrien.

### **C. Fossilinvesteringar: Ein dobbel finansiell risiko for den norske velferdsstaten**

Eit særleg viktig poeng i høve investeringar i fossilsektoren for pensjonsfond i den norske velferdsstaten, er den doble finansielle risikoen for framtidige pensjonar dette medfører.

Postadr.:	Telefon:	Telefaks:	Bankgiro:	E post:
Rådhusvegen 11 6770 Nordfjordeid Kontoradresse: Rådhusvegen 11 org.nr: 938521816	57 88 58 00	57 88 58 01	3790.07.00130 5398.05.01120	<a href="mailto:post@eid.kommune.no">post@eid.kommune.no</a> Hjemmeside: <a href="http://www.eid.kommune.no">http://www.eid.kommune.no</a>

Den løpende finansieringa av velferdsstaten er i dag svært avhengig av inntektene frå olje- og gassproduksjonen på norsk sokkel. Den høge oljeavhengigheten i norsk økonomi utgjer i seg sjølv ein risiko for "driftsinntektene" til framtidas velferdsstat, sett i lys av trangen for å kutte kraftig ned i global bruk av fossile brennstoff.

At den norske staten i tillegg plasserer deler av dei *finansielle* avsetningane i den same sektoren, er uheldig ut frå ein strategi om å spreie den samla risikoen for den framtidige norske velferdsstaten mest mogleg. Dette er ein viktig grunn til at fleirtalet på Stortinget no vil greie ut ei samla uttrekking av alle typar fossile selskap, ikkje berre kolindustrien.

#### **D. Kommunesektor og velferdsstat: To sider av same sak**

KLP er landets suverent største pensjonsselskap for kommunal sektor. KLP forvaltar pensjonspengane til om lag 350 av landets 450 kommuner og fylkeskommuner, 25 av 26 helseforetak og om lag 2.500 bedrifter. Over 600.000 personar har pensjonsrettane sine i KLP. Den samla forvaltingskapitalen i KLP er på omlag 350 mrd NOK.

Dei same argumenta som ligg til grunn for at eit samla politisk miljø nasjonalt no tar steg i retning av å trekke statlege pensjonsfond ut av fossilinvesteringar, gjeld innanfor kommunal sektor. Også her snakkar vi om fond eigd av det norske folket med eit generasjonsperspektiv, som ikkje kan vere likegyldig til kvar og korleis fondet investerer. Og ikkje minst: Kommunal sektor er i like stor grad som staten avhengig av inntektene frå norsk olje- og gassproduksjon. Den finansielle risikoen ved å investere pensjonspengane i den same sektoren som den løpende drifta av norske kommuner er avhengig av, og som klimaomsyn tilseier kraftig nedtrapping av i åra som kjem, er difor betydeleg.

#### **Konklusjon: Uavhengig utgreiing av uttrekk av kommunale pensjonsmidlar frå kol, olje og gass**

Stortinget har no teikna eit "vegkart" for ei mulig uttrekking av SPU frå investeringar i olje-, gass- og kolselskap. Det skal skje ved at det våren 2014 blir sett ned eit uavhengig ekspertutval for å utsøke ei slik uttrekking, med ferdigstilling og avgjerd neste år (2015).

Det er ut frå dette naturleg at eigarane av KLP set i gang same prosess som eigarane av Statens Pensjonsfond Utland no har sett i gang for dei statlege pensjonsinvesteringane: Utgreiing av å trekke kommunale pensjonsmidlar bort frå kol, olje og gassselskap, utan at dette svekkar krava til avkasting og risiko av investeringane. Prosessen bør gå parallelt med den statlege prosessen, med sikte på avgjerd i 2015.

Eg kjem til å ta dette framlegget opp på valmøtet for Sogn og Fjordane 27. mars 2014, jmf utsendt invitasjon til å spele inn synspunkt og innspel til vidareutvikling av KLP.

Eg ber om at framlegget blir distribuert slik at det kan bli drøfta også på andre valgmøte i KLP i vekene framover, med sikte på handsaming på generalforsamlinga for 2014.

Med helsing



Alfred Bjørlo  
Ordførar

